

Frå: Larissa Dahl
Send: fredag 21. januar 2022 13:22
Til: Nils Molvik
Emne: SV: sak 21/5644 Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 240/20 Bjørndal

Hei! Vi beklager om det var misforståelse rundt e-posten din. Slik Byggesak avd. forstår situasjonen du ber om sammenslåing av to boenheter til 1 og kun en adresse for boligen. Brevet datert januar 2021 beskriver alt vi trenger for å godkjenne sammenslåing av 2 boliger til 1 – hovedleilighet med sokkelleilighet etter krav i plan og bygningsloven. Vi kan ikke endre matrikkel register før det er søkt om sammenslåing etter plan og bygningsloven.

MVH
Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

Frå: Nils Molvik
<nilsmolvik@gmail.com>
Send: tirsdag 18. januar

2022 19:06

Til: Larissa Dahl <larissa.dahl@alver.kommune.no>

Emne: Re: sak 21/5644 Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 240/20 Bjørndal

Hei.

Dette trudde eg var avslutta for lenge sidan, då eg meiner de har fått fyldestgjerande svar i saka. Eg tok kontakt med Solberg og fekk god forklaring på korleis dette måtte ordnast, og til kva kostnad, så dermed fekk eg ei ordning hos NGIR med årleg søknad om fritak. Det er heilt utruleg at admin. i Alver komm. ikkje har lese mailen eg sendte og avslutta saka for lenge sidan, slik eg ber om i mailen av 2.febr.2021. Sjå kopi av mailer under.. Mvh. Nils M. Molvik.

Sak nr.20/19348-21/5644

Innboks

Nils Molvik <nilsmolvik@gmail.com>

tir. 2. feb. 2021,
12:58

til marianne.aadland.sandvik

Hei.

Vi har mottatt brev om fleire opplysningar i samband med fritak for renovasjons avg. for kjellar husværet som ikkje har vore utleigd dei siste 30 åra.

Vi har ikkje søkt om bruksendring, har heller ikkje tenkt å gjere det, men vi opplyste om at vi gjennom mange år har brukt kjellar husværet sjølv og difor finn det urimeleg å måtte betale dobbel avgift.

Det vi spurte om var å få sletta B i adressa slik at det berre er ei adr. på huset.

Å få endra matrikkelen vil vel ikkje bety det same som å søkje bruksendring??

Årsaka til at vi kontakta kommunen var grunna i opplysningar frå kommunen og NGIR som viste seg å vere misvisande / feile.

Det er ikkje vanskeleg å forstå at kommunen treng pengar, men å krevja avgift for eit husvære som ikkje har vore utleigd på over 30 år må vel seiast å vere eit feiltrinn.

Det er enkelt å finne ut kven som bur på adressa. Det gjeld også husvære som ikkje er "godkjent" for utleige, men som kanskje ikkje er reg. i kommunen sine lister.

No er dette ordna med NGIR (der vi også fekk feile opplysn. i starten) .
Dermed ber vi om at saka blir avslutta / sletta i kommunen sine arkiv.

Vi kjem nok ikkje til å leige ut igjen i vår tid. Vi treng plassen sjølve når ungane med fam. kjem på besøk.

Mvh. Nils M. Molvik.

Nils Molvik <nilsmolvik@gmail.com>

tor. 4. feb. 2021,
11:23

til Marianne

Hei. Eg trudde ikkje at dette skulle vere så vanskeleg. Ser at det kostar ikkje så lite å få til ønska endring så det får vere til neste generasjon.

No har me fått ordna det med NGIR. Det medfører ny årleg søknad om fritak.

Husken blir vel ikkje betre med åra, så me kjem nok til å få nokre auka gebyr oppigjennom åra. 😊

Mvh. Nils M. Molvik.

Nils Molvik <nilsmolvik@gmail.com>

4. feb. 2021,
11:23

til Marianne

Hei. Eg trudde ikkje at dette skulle vere så vanskeleg. Ser at det kostar ikkje så lite å få til ønska endring så det får vere til neste generasjon.

No har me fått ordna det med NGIR. Det medfører ny årleg søknad om fritak.

Husken blir vel ikkje betre med åra, så me kjem nok til å få nokre auka gebyr oppigjennom åra. 😊

Mvh. Nils M

tor. 13. jan. 2022 kl. 11:03 skrev Larissa Dahl <larissa.dahl@alver.kommune.no>:

Hei! Vi har sendt vedlagte brev for 1 år siden i sak 21/5644, som svar på din e-post. Du kan svare på brevet innafor 1 måned, om ikke så skal vi avslutte saka.

Larissa Dahl | Rådgevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til post@alver.kommune.no